

**Sakshandsamar:**

Lars Erik Lunde

E-post: lars.erik.lunde@sfj.no

Tlf.: 57638102

Vår ref.

Sak nr.: 16/3423-4

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

17601/16

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 24.05.2016

Notat**Frå:** Fylkesdirektør for samferdsle**Til:** Hovudutval for samferdsle**Kopi til:****SFJ 2019 innsparingstiltak samferdslesektoren**

Vi syner til vedtak 2b i HS-sak 17/16 Økonomiplan 2017-20 - Prioritering av utgreiingsoppdrag på samferdslesektoren:

«Hovudutval for samferdsle tek atterhald om endringar i nivåinndeling innanfor utgreiing 45 til møtet 31. mai. Til dette møtet ber utvalet om at administrasjonen set opp ei samla oversikt over alle moglege innsparingar på samferdslesektoren, slik at hovudutvalet kan tilrå ei samla nivåinndeling.»

Vedlagt følgjer utgreiingane som vart lagt fram for fylkestinget 16. juni 2015 samt utgreiing lagt fram for hovudutvalet i 12. mai 2016.

Vedlagt er også ein samletabell med dei moglege innsparingane på samferdslesektoren.

Nivåinndelinga i samletabellen er basert på vedtaka i HS-sak 17/15 og HS-sak 17/16.

I gjeldande økonomiplan er det lagt til grunn innsparingar på nivå 1 og 2 i utgreiingane som vart lagt fram i juni 2015. I økonomiplansaka som hovudutvalet skal behandle i møte 31. mai er det lagt til grunn innsparingar knytt til utgreiing #45 ny driftsstandard for fylkesvegar på nivå 1. I tillegg er det lagt inn uspesifiserte innsparingar.